



NOREGS HØGSTERETT

D O M

sagd 20. juni 2023 av Høgsterett i avdeling med

dommar Hilde Indreberg
dommar Per Erik Bergsjø
dommar Wenche Elizabeth Arntzen
dommar Borgar Høgetveit Berg
konstituert dommar Hedda Remen

HR-2023-1148-A, (sak nr. 22-161390SIV-HRET)
Anke over Gulating lagmannsretts dom 16. september 2022

Staten v/Advokatbevillingsnemnda

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Andreas Hjetland – til prøve)

mot

A

(advokat Kristoffer Larsen Rognvik)

Den Norske Advokatforening (partshjelper)

(advokat Kaare Andreas Shetelig)

R Ø Y S T I N G

(1) Dommar **Høgetveit Berg:**

Kva saka gjeld og bakgrunnen for henne

- (2) Saka gjeld gyldigheita av eit vedtak om avslag på søknad om advokatløyve. Spørsmålet er om Tilsynsrådet for advokatverksemd og Advokatbevillingsnemnda har forstått og nytta prosedyrekravet i advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd, jf. domstollova § 220 andre ledd siste punktum, korrekt.
- (3) A vart tilsett som advokatfullmektig i advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS – PwC – frå 1. mai 2018. PwC søkte Tilsynsrådet for advokatverksemd om autorisasjon for A som advokatfullmektig for ei rekkje advokatar i firmaet. Advokat Jan Egill Wendelboe Aarø, som hadde blitt deleigar i PwC i januar 2018, var utegløymt frå lista over advokatar i søknaden. I juni 2018 autoriserte Tilsynsrådet A som advokatfullmektig for alle advokatane som sto på lista i søknaden, og med det ikkje for advokat Aarø.
- (4) Frå februar 2019 til desember 2020 gjennomførte A to hovudforhandlingar og to rettsmeklingar som advokatfullmektig. I ei av hovudforhandlingane og ei av rettsmeklingane var advokat Aarø prosessfullmektig. Tilsynsrådet av slo i februar 2021 søknaden frå A om advokatløyve, fordi ho ikkje hadde vore autorisert som fullmektig for advokat Aarø i dei to nemnde sakene.
- (5) A kravde omgjerung og la ved ei erklæring frå advokat Aarø som stadfesta at A hadde blitt rettleia under førebuingane, og at dei hadde arbeidd tett saman i dei nemnde sakene og også elles. Advokat Aarø opplyste at grunnen til den manglande autoriseringa av A var «en ren administrativ feil som påhviler advokatfirmaet PwC fullt ut, og som ikke på noen måte kan lastes A».
- (6) Styret i Tilsynsrådet handsama omgjeringskravet i møte 11. mars 2021. Vedtaket vart ikkje gjort om. Advokatbevillingsnemnda heldt oppe avslaget i vedtak 15. april 2021.
- (7) A tok deretter ut søksmål mot staten ved Advokatbevillingsnemnda med krav om at vedtaket var ugyldig. Hordaland tingrett sa 27. januar 2022 dom med slik slutning:
- «1. Advokatbevillingsnemndens vedtak av 15. april 2021 er ugyldig.
 2. Staten v/Advokatbevillingsnemnden betaler kroner 145 323,- i sakskostnader til A. Beløpet forfaller til betaling 2 uker etter dommen er forkynt.»
- (8) Staten ved Advokatbevillingsnemnda anka dommen frå tingretten. Gulating lagmannsrett sa 16. september 2022 dom med slik slutning:
- «1. Anken forkastes.
 2. Staten v/Advokatbevillingsnemnden betaler sakskostnader for lagmannsretten med 164 656,25 – etthundreogsekstifiretusensekshundreogfemtiseks25/00 –

kroner til A. Beløpet forfaller til betaling 2 – to – uker etter dommen er forkynt.»

- (9) Staten ved Advokatbevillingsnemnda har anka dommen frå lagmannsretten til Høgsterett. Anken gjeld rettsbruken til lagmannsretten.
- (10) Den Norske Advokatforening har erklært partshjelp til fordel for A. Foreininga og A har sett fram eit nytt subsidiært/alternativt påstandsgrunnlag for Høgsterett, og det er lagt fram nokre nye dokument.

Partanes syn

- (11) Den ankande parten – *staten ved Advokatbevillingsnemnda* – har i hovudsak gjort gjeldande:
- (12) A har ikkje krav på advokatløyve. Vedtaket frå Advokatbevillingsnemnda byggjer på rett lovtolkning, og det er heller ikkje sakshandsamingsfeil knytt til vedtaket.
- (13) Advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd fyrste punktum krev prosedyreerfaring for å få godkjent praksis som autorisert advokatfullmektig, jf. domstolova § 220 andre ledd fyrste punktum nr. 2 bokstav a. Prosedyrekravet kan ikkje oppfyllest med saker der advokatfullmektigen har opptredd for retten utan å vera autorisert som fullmektig for den advokaten som advokatfullmektigen har utført det aktuelle oppdraget for. Framferd i retten utan slik autorisasjon fell utanom ordlyden i lova. Det følgjer av fast og langvarig praksis at prosedyreerfaring utan autorisasjon ikkje er relevant for å oppfylle prosedyrekravet.
- (14) Unntak vil opne for skjønnsmessige vurderingar som vil vera ressurskrevjande, og som lett kan føre til forskjellshandsaming. Det er systemframandt å godta ulovleg prosedyreerfaring ved søknad om advokatløyve. Ansvarskoplinga mellom fullmektig og prinsipal er viktig av omsyn til det rettssøkjande publikumet og kontrollen med sikkerheita for alle som opptrer i rettargang. Ei streng praktisering gjev også fullmektigen, prinsipalen og advokatfirmaet insentiv til å kontrollere at autorisasjonen er korrekt.
- (15) Omsynet til konkret rimelegheit for A veg ikkje tungt. Ho kan når som helst oppfylle prosedyrekravet ved å opparbeide seg nødvendig prosedyreerfaring på vanleg vis.
- (16) Løyvestyresmaktene hadde ikkje plikt til å vurdere alternativet «annen juridisk virksomhet» i domstolova § 220 andre ledd andre punktum. Praksisen til A som advokatfullmektig fell utanfor dette alternativet. Det følgjer av lovførearbeida at regelen ikkje kan nyttast på dei lovbestemte alternative praksiskategoriane i § 220 andre ledd fyrste punktum nr. 2 bokstav a til d. Løyvestyresmaktene nyttar ikkje dette alternativet av eige tiltak der det har vore manglar ved prosedyrekravet. Det ville difor vera i strid med forbodet mot usakleg eller mishøveleg forskjellshandsaming i Grunnlova § 98 andre ledd å nytte denne regelen for A.
- (17) Staten ved Advokatbevillingsnemnda har sett fram slik påstand:
 - «1. Staten ved Advokatbevillingsnemnden frifinnes.
 - 2. Sakskostnader tilkjennes ikke for noen instans.

- (18) Ankemotparten – A – har i hovudsak gjort gjeldande:
- (19) Advokatforskrifta § 8-1 krev at fullmektigen skal «godtgjøre prosedyreerfaring» gjennom eit tal rettssaker og rettsmeklingar. Det er ikkje nødvendig å fråvike ordlyden eller å tolke han innskrenkande for å rekne prosedyrekravet som oppfylt i saka her.
- (20) Forvaltningspraksis er ikkje avgjerande når lovteksten talar for ei anna løysing. Saka her skil seg uansett frå mange av sakene som staten viser til, der dei materielle vilkåra for løyve ikkje er oppfylte.
- (21) Prosedyrekravet skal sikre at fullmektigar får prosedyreerfaring og nødvendig oppfølging og rettleiing. A prosederte sakene under leiing og rettleiing av prinsipal Aarø. Den reelle prosedyreerfaringa må vera avgjerande for oppfyllinga av prosedyrevilkåret. A oppfyller alle krava for advokatløyve. Det ligg føre ein orsakande formalfeil ved autorisasjonen. Slike formalfeil kan ikkje få den verknaden at ei faktisk gjennomført rettssak ikkje skal reknast som prosedyreerfaring.
- (22) Oppdraga ville blitt utført på den same måten av A dersom ein tenkjer formalfeilen bort. Advokat Aarø hadde rett til å nytte autorisert fullmektig, A oppfylte vilkåra for å vera autorisert fullmektig for Aarø, og ho var autorisert for alle dei 26 andre prinsipalane i PwC. Feilen har openbert ikkje verka inn på den prosedyreerfaringa som A faktisk fekk under rettleiinga frå Aarø.
- (23) Å godta As prosedyrepraksis i denne saka, opnar ikkje for omgåingar. Det går fram av søknaden om advokatløyve kven som har vore prinsipal på sakene, og det vil då bli avdekt om vedkomande har stilt god nok sikkerheit, og om dei andre vilkåra var oppfylte. Ressursbruket til Tilsynsrådet vil ikkje bli skadelidande dersom regelen er slik A meiner.
- (24) Om det skulle vera behov for å sanksjonere formalfeil, bør dette gjerast mot den som har gjort feilen. Det er klart urimeleg at fullmektigar som har prosedert i god tru, blir nekta advokatløyve på grunn av formalfeil frå firmaet eller prinsipalen. Det er ikkje behov for å underkjenne den reelle prosedyrepraksisen for å disiplinere.
- (25) Det sentrale for det rettssøkjande publikumet er at fullmektigen faktisk har blitt rettleia av prinsipalen. Formalfeil reduserer ikkje dekningsmoglegheitene til eventuelle skadelidne. Det er heller ingen omgåingsrisiko knytt til A si tolking av forskrifta.
- (26) Dersom det er eit absolutt krav at fullmektigen var autorisert for den prosessfullmektigen som hadde det aktuelle prosessoppdraget, sluttar A seg til det subsidiære påstandsgrunnlaget som er gjort gjeldande av partshjelparen.
- (27) A har sett fram slik påstand:
- «1. Anken forkastes.
 2. A tilkjennes saksomkostninger for Høyesterett.»
- (28) Partshjelparen – *Den Norske Advokatforening* – har slutta seg til påstandsgrunnlaga til A og subsidiært gjort gjeldande at staten hadde plikt til å vurdere om A oppfylte alternativet

«annen juridisk virksomhet» i domstollova § 220 andre ledd andre punktum. Når dette ikkje er gjort, er det ein sakshandsamingsfeil som gjer vedtaket ugyldig.

(29) Den Norske Advokatforening har sett fram slik påstand:

«1. Den Norske Advokatforening tilkjennes sakskostnader for Høyesterett.»

Mitt syn

Problemstillinga

- (30) Saka gjeld gyldigheita av eit avslag på søknad om advokatløyve, grunngjeve med at advokatfullmektigen ikkje hadde vore autorisert som fullmektig for den advokaten som fullmektigen hadde utført prosessoppdrag for. Spørsmåla er om det er eit slikt tilknytingsvilkår, og kva som i så fall er konsekvensen dersom vilkåret ved ein feil ikkje er oppfylt.
- (31) Det er berre dei som har advokatløyve, som kan kalle seg advokat og drive verksemd i form av rådgjeving om rettslege spørsmål og prosedyre for domstolane som advokat, mot betaling.
- (32) Vilkåra for å få advokatløyve følgjer av domstollova § 220 andre til femte ledd.
- (33) Saka her reiser spørsmål knytt til domstollova § 220 andre ledd, som har slik ordlyd:

«For å få tillatelse til å være advokat ved andre retter enn Høyesterett må søkeren godtgjøre:

1. at vedkommende har bestått juridisk embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap, og
2. at vedkommende i til sammen minst to år etter embetseksamen eller mastergrad har vært i virksomhet
 - a. som autorisert fullmektig hos en advokat som selv utøver advokatvirksomhet,
 - b. som dommer eller dommerfullmektig,
 - c. i en stilling ved påtalemyndigheten der behandling av rettssaker inngår som en vesentlig del, eller
 - d. som universitetslærer i rettsvitenskap.

Som oppfyllelse av praksiskravet i nr 2 kan departementet ved forskrift eller Tilsynsrådet i enkelttilfeller fullt ut eller for en del godkjenne annen juridisk virksomhet. Kongen kan ved forskrift gi regler om prosedyreerfaring som vilkår for at praksis som nevnt i nr 2 bokstav a skal medregnes.»

(34) Advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd, heimla i domstollova § 220 andre ledd siste punktum, har slik ordlyd:

«For at praksis som nevnt i domstolloven § 220 annet ledd nr. 2 bokstav a skal medregnes ved søknad om advokatbevilling, må søkeren godtgjøre prosedyreerfaring. Søkeren må ha prosedert under minst tre hovedforhandlinger i sivile saker av et visst omfang. Inntil to av disse kan erstattes av hovedforhandling i straffesaker og rettsmeklinger. Hovedforhandling i en større straffesak tilsvarer én sivil sak.

Hovedforhandling i to straffesaker av et mindre omfang eller to rettsmeklinger
tilsvarende én sivil sak.»

- (35) Eg nemner i denne samanhengen også at domstollova § 223 fyrste ledd gjev heimel for at ein advokat kan la ein autorisert fullmektig opptre for seg i rettargang. Paragraf 223 andre ledd slår fast at slik autorisasjon blir gjeven av Tilsynsrådet for advokatverksemd.
- (36) Det fyrste spørsmålet er om det for å «godtgjøre prosedyreerfaring» etter advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd er eit vilkår om at advokatfullmektigen ikkje berre har vore autorisert advokatfullmektig, men også har vore autorisert som fullmektig for den konkrete prosessfullmektigen, det vil seia den advokaten som advokatfullmektigen har utført det aktuelle prosessoppdraget for.
- (37) Om ein svarar bekreftande på dette spørsmålet, blir det neste spørsmålet om alle feil eller manglar knytt til autoriseringa som advokatfullmektig må føre til avslag på søknaden om advokatløyve.
- (38) Før eg ser på desse to rettslege spørsmåla, gjer eg innleiingsvis nærare greie for dei faktiske omstenda:
- (39) A var fullmektig for advokat Aarø i dei to omtalte sakene. Partane er samde om at dette var i samsvar med avtala mellom advokat Aarø og klienten, og at A var under reell leing og rettleiing av advokat Aarø i begge sakene. Det er uomtvista at advokat Aarø etter domstollova § 223 fyrste ledd hadde rett til å ha «autorisert fullmektig til å opptre for seg i rettergang», og at han hadde stilt tilstrekkeleg sikkerheit. Det er vidare uomtvista at A *kunne* ha vore autorisert som fullmektig for Aarø, på den same måten som for dei 26 andre advokatane i firmaet. Ho oppfylte alle vilkåra i domstollova § 223 andre ledd. Det var tvillaust meininga at A skulle ha vore autorisert som advokatfullmektig også for advokat Aarø. Grunnen til at Aarø ikkje stod på den vedlagte lista over advokatar som A skulle autoriserast for, var at PwC hadde utegløymt dette, noko A ikkje kan klandrast for. Partane er endeleg samde om at A oppfylte alle andre krav for advokatløyve etter domstollova § 220 andre til fjerde ledd.
- (40) Slik sett låg det ikkje føre nokon materiell mangel ved fullmektigforholdet. Feilen var at Aarø ikkje var ført opp på den lista over prinsipalar som vart sendt til Tilsynsrådet, som av den same grunnen heller ikkje autoriserte A som hans fullmektig. Det er dette eg i det vidare omtalar som ein formalfeil.

Advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd – ordlyd og samanheng

- (41) Om det er tilstrekkeleg at prosedyreerfaringa er knytt til den verksemda der ein har fått rettleiing som autorisert fullmektig, eller om det er nødvendig at advokatfullmektigen har vore autorisert som advokatfullmektig for den advokaten som har prosessoppdraget, kan ikkje lesast ut av advokatforskrifta § 8-1. Eit slikt tilknytingsvilkår går ikkje fram av ordlyden.
- (42) Advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd må lesast på bakgrunn av heimelslova. Domstollova § 220 andre ledd siste punktum heimlar «regler om prosedyreerfaring som vilkår for at praksis som nevnt i nr 2 bokstav a skal medregnes». Denne heimelen er så open at

departementet *kunne* forskriftsfesta eit tilknytingsvilkår. Men departementet har ikkje nytta dette høvet.

- (43) Staten har halde fram at advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd må forståast ut frå samanhengen i regelverket. Eg er samd i det. Lova og forskrifta byggjer på ein føresetnad om individuell autorisasjon. Dette går mellom anna fram i domstollova § 223 fyrste ledd fyrste punktum om retten advokatar har til å la ein autorisert fullmektig opptre på vegner av seg i rettargang. Kravet følgjer også av at prinsipalens advokat- og prosessoppdrag er personleg.
- (44) Samanhengen viser at det i utgangspunktet er eit vilkår at advokatfullmektigen har vore autorisert som fullmektig for prosessfullmektigen som det aktuelle oppdraget blir utført på vegner av.
- (45) Det går derimot ikkje fram av samanhengen at formalfeil knytt til dette tilknytingsvilkåret må føre til avslag på søknaden om advokatløyve.

Førhistoria og førearbeida til prosedyrekravet

- (46) Kravet om to års praktisk juridisk erfaring for å få advokatløyve vart innført i 1964. Det var primært omsynet til det rettssøkjande publikumet som grunn gav kravet. Studie- og eksamensordninga var av «så teoretisk karakter at den neppe kan sies å gi kandidatene grunnlag for straks etter eksamen å ta opp selvstendig sakførervirksomhet», jf. Innst. O. I. (1964–65) side 2.
- (47) Før 1991 var det ikkje eit uttrykkjeleg krav i lova at den praktiske erfaringa som advokatfullmektig også skulle omfatte prosedyre for domstolane. I 1991 fekk departementet heimel til å forskriftsfeste krav til prosedyreerfaring. Heimelen svarar til domstollova § 220 andre ledd siste punktum og vart nytta til å gje forskrift 20. november 1992 nr. 858 om krav til prosedyreerfaring og gjennomføring av advokatkurs for å få advokatbevilling. Ordlyden i denne forskrifta § 1 var, med unntak av ei endring om vekting av rettsmekling og straffesaker, identisk med føresegna som me i dag finn i advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd.
- (48) Advokatlovutvalet føreslo å sløyfe prosedyrekravet. Utvalet meinte likevel at prosessbistand skulle vera sentralt i den obligatoriske advokatutdanninga, og at praktisk oppgåveløysing burde inngå i denne, sjå NOU 2015: 3 side 130–133. Departementet meinte derimot at prosedyrekravet burde førast vidare, og at det nærare innhaldet burde fastsetjast i forskrift, jf. Prop. 214 L (2020–2021) side 67. Meiningssskilnaden botna i korleis ein best skulle sikre den praktiske prosedyreerfaringa. Korkje Advokatlovutvalet eller departementet tok opp problemstillingane som er reiste i saka her.
- (49) Gjennomgåande er det faktisk erfaring med advokatverksemd, inkludert rettargang, som er drøfta i lovførearbeida. Det er ikkje tvil om at det er reell erfaring med rettargang som er føremålet med advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd.
- (50) Det er etter mitt syn ikkje noko i førhistoria, lovførearbeida eller seinare arbeid frå lovgjevaren som viser at advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd skal forståast slik at ein kvar

formell feil eller mangel knytt til autoriseringa som fullmektig, skal føre til at søknaden om advokatløyve blir avslått.

Forvaltningspraksis

- (51) Vedtak frå forvaltningsorgan har i utgangspunktet ikkje sjølvstendig normerande kraft ved fastlegginga av innhaldet i lov eller forskrift. Høgsterett har likevel i ei rekkje saker lagt vekt på forvaltningspraksis ved lov- og forskriftstolking. Dette er formulert noko ulikt i ulike dommar – ut frå kva slags tolkingsspørsmål og kva slags praksis ein har stått overfor.
- (52) For å kunne leggje vekt på forvaltningspraksis, er det ikkje alltid tilstrekkeleg at han er langvarig, fast og stø. Ein må også vurdere om praksisen ligg innanfor eller er i strid med ordlyden og føremålet med regelen. Vidare vil det kunne ha vekt om praksisen er kjent, har blitt akseptert, utfordra eller kritisert – og om han byggjer på eit prinsippvedtak eller liknande der alle dei primære rettskjeldene er avvegne, jf. til dømes HR-2022-1132-A avsnitt 57 og HR-2023-268-A avsnitt 40. Endeleg vil det kunne ha vekt om praksisen er tenleg og god.
- (53) Staten har gjort gjeldande at lang og stø praksis frå Tilsynsrådet for advokatverksemd og Advokatbevillingsnemnda underbygger at det er heimel for vedtaket. Partane er samde om at rådet og nemnda konsekvent har praktisert prosedyrekravet i advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd slik at alle manglar – også formelle – ved tilknytninga mellom fullmektigen og den ansvarlege advokaten fører til at fullmektigen ikkje har kunna rekna den aktuelle saka som ein del av prosedyreerfaringa.
- (54) I eit hjelpedokument for Høgsterett har staten vist til ei rekkje dømme på avslag frå Tilsynsrådet, der advokatfullmektigen har opptredd i rettargang utan autorisasjon. Av desse er det berre *ei* anna sak som gjaldt ein slik formalfeil som me står overfor i saka her. Dei andre sakene gjaldt etter kva eg kan forstå andre former for feil, mellom anna oppdrag (i) *før* autorisasjon er gjeve, (ii) for fast tilsette advokatar som etter reglane til firmaet ikkje skulle ha fullmektigar, (iii) for prinsipal som hadde mista advokatløyvet, (iv) for advokat tilsett i ein annan organisasjon, (v) for advokat i anna verksemd, (vi) for advokat i anna firma, (vii) utan autorisasjon for nokon av advokatane i firmaet, (viii) som tilsett hjå statsforvaltaren og (ix) i eige namn.
- (55) Staten har også vist til ei rekkje klagevedtak. Detaljane i saksforholda går ikkje fram av vedtaka. For tre av vedtaka har staten i hjelpedokumentet omtalt den manglande autoriseringa som «en glipp». Av desse vedtaka er berre eitt som i saka vår, medan dei to andre handlar om fullmektigar som berre hadde vore autoriserte for nokre eller berre ein av dei andre prinsipalane i firmaet.
- (56) Den presenterte praksisen spenner over ei rekkje ulike manglar ved fullmektig- og autorisasjonsforholdet. Feilen i saka her ligg i enden av ein skala – som ein utprega formalfeil som skuldast ein rein glipp frå advokatfirmaet. Det er etter mitt syn treffande å karakterisere feilen nærast som ein skrivefeil.
- (57) At forvaltningspraksis knytt til andre former for manglar ved fullmektigforholdet skal gje grunnlag for normering også for slike utprega formalfeil, er ikkje opplagt. Det kan uansett

ikkje leggjast til grunn at praksis om liknande feil som i saka her har hatt eit slikt omfang at han kan karakteriserast som langvarig, fast og stø.

- (58) Uavhengig av omfanget har praksisen eit *innhald* som ikkje følgjer av ordlyden. Praksisen er på hi sida ikkje i strid med ordlyden. Under alle omstende kjem ein ikkje unna at vilkåret er til *ugunst* for advokatfullmektigen – og blir opplevd som *urimeleg*.
- (59) Praksisen frå løyvegevarane der tilknytingskravet ikkje er oppfylt, er kjent. Advokatforeningen si rettleiing for prinsipal og advokatfullmektig av 28. august 2014 viser til praksisen. Men korkje omtalen i rettleiinga eller det forholdet at praksisen ikkje tidlegare er prøvd ved søksmål, kan takast til inntekt for at han er allment akseptert for formalfeil. For advokatfullmektigar vil det generelt kunne vera enklare å gjennomføre nye prøvesaker enn å bruke ressursar på eit søksmål mot staten, dersom dette er mogleg. Når praksis knytt til formalfeil ikkje byggjer på eit prinsippvedtak eller rundskriv der dei primære rettskjeldene er avvegne, kan han etter mitt syn uansett ikkje få særleg vekt.
- (60) Eg nemner også at den delen av praksisen som me står overfor i saka her, er sterkt kritisert av Anders Bøhn, *Domstoloven*, Kommentartutgave, § 220 avsnitt 6, Juridika stadfesta à jour per 18. oktober 2022, jf. også Bøhns merknader til domstolova §§ 220 og 223 på Lovdata 28. oktober 2018 og 15. mars 2022.
- (61) Etter mitt syn er ikkje praksis frå Tilsynsrådet for advokatverksemd og Advokatbevillingsnemnda normerande for at advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd skal tolkast slik at søknader om advokatløyve må nektast også der manglande autorisasjon byggjer på ein openberr glipp.

Kva for tolkingresultat har dei beste grunnane føre seg?

- (62) Som konkludert ovanfor er det i utgangspunktet eit vilkår at advokatfullmektigen har vore autorisert som fullmektig for prosessfullmektigen som det aktuelle oppdraget blir utført på vegner av. Like fullt er det eit spørsmål om formalfeil knytt til autoriseringa skal føre til at søknaden om advokatløyve må nektast. Dette spørsmålet gjev korkje ordlyden, heimelslova eller førearbeida svar på. Og praksisen frå tilsynsorgana har her ikkje nemneverdig vekt.
- (63) Løysinga må då tuftast på kva som har dei beste grunnane føre seg. Eg skyt inn at det ikkje er tale om å dømme etter konkret rimelegheit, men å finne det beste generelle tolkingresultatet for advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd.
- (64) Partane er samde om at den konkrete manglande autorisasjonen var ein rein administrativ feil hjå advokatfirmaet PwC, og at A ikkje kan lastast for feilen. Eit unntaksfritt vilkår om formelt korrekt autorisering vil, som saka her viser, tvillaust føre til *urimelege resultat* i enkelttilfelle – ved at fullmektigar som har godtgjort reell prosedyreerfaring, får underkjent denne som følgje av reine formalfeil.
- (65) Staten meiner likevel at omsynet til fullmektigen ikkje veg tungt, sidan vedkomande kan oppfylle prosedyrekravet gjennom å prosedere nye rettssaker, korrekt autorisert.

- (66) Etter mitt syn bagatelliserer staten her utfordringa som ligg i at det for mange advokatfullmektigar og advokatfirma skortar på eigna prosedyreoppdrag. Ei tolking av advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd som etter omstenda vil kunne oppmode til prosessar, er ikkje tenleg.
- (67) Staten viser vidare til kontroll-, ressurs- og likehandsamingsomsyn. Ei konkret vurdering av formalfeil, blir det hevda, vil føre til meirarbeid ved godkjenning av søknader om advokatløyve.
- (68) Eg har vanskar for å sjå at utfordringane med dette vil bli store. Når Tilsynsrådet for advokatverksemd skal ta stilling til om vilkåra for advokatløyve er oppfylte, må det uansett vurdere ei rekkje forhold. For det fyrste må sjølve praksiskravet vurderast. For det andre må Tilsynsrådet ta stilling til andre sider av prosedyrekravet, til dømes om fullmektigen har gjort ein tilstrekkeleg del av arbeidet i ei sak til at ho skal reknast med, eller om ei straffesak er stor nok til å likestillast med ei sivil sak. I denne samanhengen kan ei vurdering av om ein feil ved autorisasjonen skal reknast som ein glipp, neppe føre til noko særleg meirarbeid. I dei fleste sakene vil ein rydde opp i slike manglar gjennom ei fråsegn frå prinsipalen. I vårt tilfelle ville Tilsynsrådet nærast ut frå ei tolking av autorisasjonssøknaden kunne identifisere glippen, sidan meininga openbert var å autorisere fullmektigen for alle partnarane i firmaet – også for Aarø. Eg kan vanskeleg sjå at behovet for tilleggsdokumentasjon skaper ein større fare for ulik handsaming enn alle andre tilfelle der det er behov for tilleggsdokumentasjon.
- (69) For å få advokatløyve må søkjaren ha vore autorisert fullmektig i minst to år, jf. domstollova § 220 andre ledd fyrste punktum nr. 2 bokstav a. Dette kravet vil nok i dei fleste sakene hindre at fullmektigen under rettleiing utfører oppdrag for andre enn den eller dei advokatane han eller ho formelt er autorisert som fullmektig for.
- (70) Omgåingsrisikoen knytt til mogleg manglande førehandskontroll av sikkerheitsstillinga frå prinsipalen er liten. Sikkerheitsstillinga er prinsipalens ansvar og blir fylgd opp av tilsynsstyresmaktene gjennom eit registrerings- og rapporteringssystem.
- (71) Staten har endeleg vist til at det rettssøkjande publikumet har behov for klare ansvarsliner til ein ansvarleg advokat og retten til forsikringsdekning.
- (72) Etter mitt syn kan heller ikkje dette vera avgjerande for tolkinga av advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd. Det vil i praksis vera ein advokat som er ansvarleg for oppdraget, og domstollova § 232 har uansett eigne reglar om dette. Det er ikkje påvist nokon reell risiko for at klientane skulle bli skadelidande som følgje av formelle manglar ved autorisasjonen.

Oppsummering, konklusjon og sakskostnader

- (73) Etter advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd er det i utgangspunktet eit vilkår at fullmektigen har vore autorisert som fullmektig for den advokaten som fullmektigen har utført det aktuelle prosessoppdraget for.
- (74) Reell prosedyreerfaring er føremålet med advokatforskrifta § 8-1 fyrste ledd. Dei beste grunnane talar difor for å forstå føresegna slik at søkjaren har krav på advokatløyve også der han eller ho godtgjer tilstrekkeleg faktisk prosedyreerfaring i tråd med forskrifta, og

prinsipalen fyller alle vilkåra for å ha vedkommande fullmektig autorisert for seg, men den formelle autorisasjonen manglar etter ein openberr glipp.

- (75) Min konklusjon er at prosedyreerfaringa som er dokumentert i søknaden frå A om advokatløyve, oppfyller prosedyrekravet i advokatforskrifta § 8-1. Vedtaket frå Advokatbevillingsnemnda er ugyldig. Det er då ikkje nødvendig å ta stilling til spørsmålet om sakshandsamingsfeil ved vedtaket.
- (76) Anken har ikkje ført fram. A skal då etter hovudregelen i tvistelova § 20-2 fyrste ledd, jf. § 20-5 fyrste ledd, få dekt sakskostnadene sine. Eg ser ikkje grunn til å gjera unntak. A har kravd dekt 195 000 kroner for 65 advokattimar for Høgsterett. I tillegg kjem 25 prosent meirverdeavgift og utgiftsrefusjon med 15 452 kroner, totalt 259 202 kroner. Kravet blir teke til følgje.
- (77) Også Den Norske Advokatforening som partshjelpar har i utgangspunktet krav på å få dekt sakskostnadene sine. Eg ser heller ikkje her grunn til å gjera unntak. Foreininga har kravd dekt 124 628 kroner for 80,25 advokattimar for Høgsterett. Kravet blir teke til følgje.
- (78) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Anken blir vraka.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten ved Advokatbevillingsnemnda til A 259 202 – tohundreogfemtinitusentohundreogto – kroner innan 2 – to – veker frå dommen er forkynt.
3. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten ved Advokatbevillingsnemnda til Den Norske Advokatforening 124 628 – eitthundreogtjuefiretusensekshundreogtjueåtte – kroner innan 2 – to – veker frå dommen er forkynt.

- (79) Dommer **Bergsjø:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (80) Dommer **Arntzen:** Likeså.
- (81) Konstituert dommer **Remen:** Likeså.
- (82) Dommer **Indreberg:** Likeså.

(84) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Anken blir vraka.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten ved Advokatbevillingsnemnda til A 259 202 – tohundreogfemtinitusentohundreogto – kroner innan 2 – to – veker frå dommen er forkynt.
3. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten ved Advokatbevillingsnemnda til Den Norske Advokatforening 124 628 – eitthundreogtjuefiretusensekshundreogtjueåtte – kroner innan 2 – to – veker frå dommen er forkynt.